

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Kommunehuset, Aurland

**Dato:** 27.06.2018

**Tidspunkt:** 10:50 – 13:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leiar	AUR
Olav Turvoll	Nestleiar	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad	MEDL	SFFK
Iril Schau Johansen	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marianne Bøthun		VIK

## Merknadar

Møtestart vart utsett til kl.10:50. Marianne Bøthun tredde inn som varamedlem for Olav Turvoll i sak 27/18.

Plansjef i Aurland kommune, Ingunn B. Skjerdal, var tilstade på møte under presentasjon av rapporten Erosjon i Nærøyfjorden.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad

Bjørg Djukastein

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 23/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 25/18	Referatsaker		
RS 16/18	Saksliste med vedlegg til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap - 7. - 8. juni		2013/3387
ST 26/18	Delegerte saker		
DS 6/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen		2015/3832
ST 27/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - lyspunkt i Nærøyfjorden		2018/1041
ST 28/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - tilretteleggingstiltak på stien langs Vassetvatnet		2017/1739
ST 29/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - helikoptertransport av ostebu til Nedbergo		2014/1980
ST 30/18	Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttak av stein frå området til grunnmur til ostebu og geitefjøs på Nedbergo, og motorferdsel i samband med tiltaket		2014/1980

## Orienteringar

### Presentasjon av rapporten Erosjon i Nærøyfjorden

Torleif Lothe frå UNI Research Polytec presenterte rapporten Erosjon i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Lothe sender signert rapport til Nærøyfjorden verneområdestyre. Sekretær sender rapporten til Aurland Hamnevesen og ber dei sende rapporten ut til båtselskapa med transport på Nærøyfjorden.

Oppfylging av resultata i rapporten vert lagt fram som sak i neste møte i verneområdestyret.

### Endringar på møteplan for verneområdestyret

4. september: Styremøte  
27. november: Styremøte med bestillingsmøte med SNO, dialogmøte med referansegruppa for besøksstrategien

### Brukarundersøking i Nærøyfjorden sommaren 2018

Føremålet med brukarundersøkinga er å få kartlagt korleis Nærøyfjorden med tilgrensande turområde vert brukt til friluftsliv. Opplysningane vil vera til hjelp i arbeid med å forvalte område og legge til rette for dei besøkjande.

Brukarundersøking vert gjennomført på 4 datoar i juli og august med utdeling av spørjeskjema til padlarar og turgåarar i Nærøyfjordområdet. Utfulte skjema vert samla

inn att med det same. Det er sett opp fylgjande stader for utdeling av spørjeskjema: Flåm, Undredal, Gudvangen, Bakka, Dyrdal, Styvi, Fresvik. På bakgrunn av informasjon om e-postadresser, vert det gjennomført ein etterundersøking i haust. Rapport frå arbeidet skal vera klart i februar 2019.

### **Framdriftsplan for besøksstrategien**

For å få med resultata frå brukarundersøkinga i sommar, vert framdriftsplan for utkast til høyring flytta frå november 2018 til mai 2019.

## **ST 23/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

#### **Vedtak**

Innkalling vart godkjent.

Styresak 27/18 vart flytta til siste sak på saklista. Orienteringar vart lagt til på saklista. Presentasjon av rapporten Erosjon i Nærøyfjorden landskapsvernområde vart flytta til slutten av møtet. Dagsorden vart godkjent med endringar.

## **ST 24/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

#### **Vedtak**

Bjørg Djukastein vart valt til å skriva under protokollen saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

## **ST 25/18 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

Noralf Distad og Jan Geir Solheim deltok som ordførar på møte i verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 7. og 8. juni i Lærdal. Anbjørg Nornes deltok på møtet under gruppa «andre».

Frå møtet vart det orientert om fylgjande saker:

- Nytt regelverk for sjøfarten i verdsarvfjordane v/Sjøfartsdirektoratet. Sjøfartsdirektoratet sine tilrådingar om fartsreduksjon i verdsarvfjordane er sendt til Klima- og miljødepartementet, som sender vidare til Samferdselsdepartementet. Verneområdestyret har ikkje fått saka på høyring. Styret bad forvaltar ta kontakt med Sjøfartsdirektoratet for å verta høyringspart i saka.
- Arbeidsgruppa for skiltmal for verdsarvområdet arbeider med tilpassing til designmanual for Norges nasjonalparkar. Det skal vera møte i arbeidsgruppa 4. juli på Skei. Den nye skiltmelen er nytta på ny temaplakat om kulturlandskap og teltplass på Stokko i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

## **Vedtak**

Referatsakene (RS) vart tatt til orientering.

**RS 16/18 Saksliste med vedlegg til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap - 7. - 8. juni**

## **ST 26/18 Delegerete saker**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

## **Vedtak**

Delegerete saker (DS) vart tatt til orientering.

**DS 6/18 Nærøyfjorden landskapsvernombane - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen**

## **ST 27/18 Nærøyfjorden landskapsvernombane - lyspunkt i Nærøyfjorden**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

## **Handsaming i møte**

Jan Geir Solheim og Olav Turvoll var ugild i saka, jf. forvaltningslova § 6 e). Marianne Bøthun deltok som varamedlem for Turvoll.

Det vart ikkje lagt fram ny skriftleg informasjon om prosjektet til møtet. Søkjær bad verneområdestyret om å ta stilling til søknaden slik den er lagt fram.

Innstilling frå forvaltar vart samrøystes vedtatt.

## **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknad om etablering av lyspunkt i Nærøyfjorden. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombane og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Grunngjevinga for avslaget er at tiltaket er i strid med verneføremålet.

**ST 28/18 Nærøyfjorden landskapsvernombane - tilretteleggingstiltak på stien langs Vassetvatnet**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til tilretteleggingstiltak på stien langs Vassetvatnet, og uttak av Stein fra nærområdet. Tilretteleggingstiltaka inneber steinlegging på deler av stien. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Våte parti på stien kan steinleggjast ved å legge Stein i stien.
- Steinane kan plukkast fra område nær stien.
- Torv og vegetasjon skal leggjast tilbake der steinane er plukka i området.
- Dersom det ikkje er nok steinar til steinlegging av stien, kan det plukkast steinar fra ei steinur ovanfor Kreklinghaug nordvest for Vassete.
- Verneområdestyret skriv avtale med grunneigarane før steinlegginga startar.
- Grunneigarane i området er eigar av stien, og har ansvar for vedlikehald av stien.

## **ST 29/18 Nærøyfjorden landskapsvernombord - helikoptertransport av ostebu til Nedbergo**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Torill Neberge Klevmark løyve til å landa med helikopter på gnr. 55 bnr. 2 på Nedbergo for å frakta ostebu frå Hjellum til Nedbergo. Løyvet gjeld for inntil 10 landingar på 2 dagar i perioden 2. juli – 1. oktober 2018. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 2.3 og gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av ostebua.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transport
- Transporten skal samordnast med eventuell transport av Stein frå Fureholten til Nedbergo.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 30.11.2018 med informasjon om flygeryte, dato og tal landingar på Nedbergo.

## **ST 30/18 Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttak av Stein frå området til grunnmur til ostebu og geitefjøs på Nedbergo, og motorferdsel i samband med tiltaket**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.06.2018**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Torill Nedberge Klevmark løyve til å henta stein frå Fureholten ovanfor Nedbergo til grunnmur til ostebu og geitefjøs. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan hentast inntil 20 sekker («big bags») med stein frå området ved Fureholten.
- Steinane skal plukkast spreidd frå steinura ved Fureholten for å få minst mogleg synleg inngrep.
- Uttak av stein skal avgrensast til supplering av stein til restaurering av grunnmuren på ostebua og geitefjøsen på Nedbergo.
- Etter uttaket er gjennomført, og innan 30.11.2018, skal det sendast rapport med bilde frå uttaksområdet til sekretariatet for verneområdestyret.

### **Motorferdsel**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Torill Klevmark Nedberge løyve til å landa med helikopter på innmarka på Nedbergo for transport av stein frå Fureholten. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld lågtflyging mellom Fureholten og Nedbergo, og inntil 20 landing med helikopter på innmarka på Nedbergo for transport av stein til grunnmuren på ostebua og geitefjøsen. Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av stein til grunnmuren på ostebua og geitefjøsen.
- Flyginga og landingane skal gjennomførast på ein dag i perioden 2. juli – 1. oktober 2018.
- Transporten skal samordnast med transport av material til ostebua frå Hjellum til Nedbergo.
- Det skal ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Under flyging skal det takast omsyn til naturmiljøet.
- Det skal sendast melding til Statens Naturoppsyn (SNO) v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transporten tek til. Han vil gje melding om det må takast særskilt omsyn til naturmiljøet under transporten.
- Dette løyvet skal vera med under transport.
- Det skal sendast rapport med dato for flyging og tal landingar til sekretariatet innan 30.11.2018.